

Eksamensrettleiing

- om vurdering av eksamenssvar

2019

ENG0012 Engelsk, skriftlig

Sentralt gitt skriftleg eksamen

Eksamensrettleiing for vurdering av sentralt gitt eksamen

Eksamensrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2019 i ENG0012 for elevar på 10. trinn og deltakarar og privatistar i vaksenopplæringa

Denne eksamensrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen, og korleis denne eksamenen skal vurderast. Rettleiinga skal vere kjend for elevar, vaksne deltakarar, privatistar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane må bruke rettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Under vil «elevar» bli brukt om både elevar, vaksne deltakarar og privatistar.

1. Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen i engelsk

Skriftleg eksamen i engelsk for 10. trinn går over to dagar:

Førebuingdag: torsdag 23. mai 2019, frå kl. 09.00
Eksamen: fredag 24. mai 2019, frå kl. 09.00

Førebuingdagen er ein obligatorisk skoledag, og elevane får tilgang til førebuingmaterialet ved hjelp av brukarnamn og passord kl. 09.00. På førebuingdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av opent Internett. I førebuingstida kan eleven samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

Førebuingmaterialet er universelt utforma slik at flest mogleg elevar skal kunne ha nytte av det. Tekst-til-tale-funksjonen sikrar at elevane kan lytte til syntetisk tale samstundes som dei aktuelle orda i teksten blir markerte på skjermen.

Ordinær **eksamenstid** er 5 timar. Eksamensoppgåvene blir tilgjengelege i prøveadministrasjonssystemet PAS på eksamensdagen. Eksamensoppgåvene blir òg trykte og sende til skolen.

Praktisk informasjon om formatet på eksamenssvara

- Topptekst: fagkode og kandidatnummer
- Botntekst: sidetal og totalt tal på sider
- Font og skriftstorleik: leseleg font og storleik
- Linjeavstand: 1,5
- Oppgåvenummer: skriv inn i svaret, f.eks. 2b

Dersom elevane leverer eksamenssvaret som ein handskriven tekst, skal teksten førast inn med ein blå eller svart penn.

1.1 Nærare beskriving av førebuingdelen

Førebuinga skal bidra til å førebu elevane til eksamen. Elevane har rett på rettleiing, men lærar skal ikkje undervise.

Til eksamen er heile læreplanen til og med 10. trinn aktuell. Det inneber at elevane til eksamen kan prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingmaterialet. Læraren må vise elevane korleis kompetansemål frå lågare trinn står opp under kompetansemål etter 10. trinn, for å gi elevane ein heilskapleg forståing av forventa kompetanse i faget.

Førebuingmaterialet er knytt opp mot tema gjennom ulike typar tekstar. Tekstomgrepet blir brukt i vid forstand. Tekstane skal vere til inspirasjon og til bruk som kjelder på eksamensdagen. Førebuingmaterialet er nettbasert, men kan òg skrivast ut som PDF-filer. Elevane skal ha tilgang på materialet begge eksamensdagane.

Materialet har avgrensa omfang for å gi elevane tid til å arbeide med det, tid til å knyte temaet til innhaldet i opplæringa og tid til sjølv å kunne finne fram til andre relevante tekstar. For å førebu seg kan elevane jobbe aleine, i par og i grupper. Dei kan nærlese tekstane i førebuingmaterialet og sjølv søke kunnskap om eksamenstemaet. Elevane kan òg reflektere over korleis eksamenstemaet heng saman med eigne erfaringar og tekstar som elevane kjenner frå før.

1.2 Nærare beskriving av eksamensoppgåvene

Eksamensoppgåvene er baserte på kompetansemåla i læreplanen i engelsk. Dei prøver elevane sin kompetanse ut frå hovudområda *Språklæring*, *Skriftleg kommunikasjon* og *Kultur, samfunn og litteratur*.

Eksamen har to delar. Eksamenssvaret skal vere på engelsk. Eleven må disponere tida slik at alle oppgåver blir svarte på innanfor ramma av 5 timar.

Del 1: Eleven blir beden om å skrive to **korte** tekstar. Eitt av dei to kortsvara i del 1 (part 1, short answers) har ei oppgåve med utgangspunkt i eit tekstvedlegg som ikkje er i førebuingmaterialet. Den vedlagde teksten er innanfor temaet for eksamen, og oppgåva til vedlegget testar lesekompetanse.

Del 2: Eleven blir beden om å svare på ei av tre langsvarsoppgåver. Oppgåvene er knytte opp mot temaet og tekstane i førebuingmaterialet. Oppgåvene opnar i tillegg for å bruke anna materiell som elevane har arbeidd med i opplæringa. Eleven bestemmer sjølv tittel på teksten i del 2.

Ulike typar tekstar og utforming av tekstar

Hovudområdet *Skriftleg kommunikasjon* dreier seg om å «skrive engelske tekstar i ulike kommunikasjonssituasjonar for å stimulere til skriveglede og oppleving, og for å forstå og tileigne seg kunnskap. Dette dreier seg og om tilpassing av språket til formål og mottakar, blant anna gjennom å skilje mellom formelt og uformelt skriftleg språk».

Til eksamen er det å velje type tekst ein del av kompetansen elevane viser. Elevane skal ved hjelp av kunnskap om språk og tekst sjølv kunne velje kva for type tekst som er best eigna, arbeide med teksten og tilpasse han etter kva som er formålet med teksten. Sensor skal derfor vere open for eleven sitt val av type tekst.

Hovudområdet *Skriftleg kommunikasjon* «omfattar også å skape struktur og samanheng i tekstar». Til eksamen er det å utforme tekstar ein del av kompetansen elevane viser i tråd med kompetansemålet «bruke digitale verktøy og formkrav for informasjonsbehandling, tekstproduksjon og kommunikasjon».

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla. Til eksamen er dei grunnleggjande ferdigheitene ein føresetnad for å kunne tileigne seg førebuingmateriellet, forstå og tolke oppgåvene og sjølv utforme og skrive eksamenssvaret på ein formålstenleg måte.

Digitale formkrav er definerte i læreplanen i avsnittet om «Digitale ferdigheter». Digitale formkrav inneber at effektar, bilete, tabellar, overskrifter og punkt er sette saman for å understreke og formidle ein budskap. Elevane skal kunne bruke dette i dei ulike typar tekstar dei skriv på eksamen. Å utforme tekstar i tråd med digitale formkrav er ein del av den samla kompetansen elevane viser til eksamen.

2. Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For engelsk, som for andre språkfag, er heller ikkje omsettingsprogram tillatne.

Ved bruk av isolerte nettbaserte hjelpemiddel til eksamen, er det viktig å kontrollere at elevar ikkje kan kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre er ikkje tillatne.

Du kan lese meir om nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel i grunnskolen og krav til talet på nettbaserte hjelpemiddel her: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/nasjonale-foringer-for-nettbaserte-hjelpemiddel-til-sentralt-gitt-skriftlig-eksamen-i-grunnskolen/>.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha blitt rettleia i å vurdere kva for hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva for hjelpemiddel som er nyttige og relevante.

3. Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må eleven oppgi dei på ein etterretteleg måte. Eleven skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på alle kjelder som er brukte. Dersom eleven bruker innhald eller sitat frå nettsider, skal eleven oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Det finst ulike måtar å oppgi kjelder på. Kjelder som blir brukte til eksamen, skal vere oppgitte på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Dersom sensor mistenker at eit svar inneheld kopiert materiell utan kildetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

3.1 Bruk av kjelder i engelsk

Læreplanen i engelsk seier at eleven skal kunne «bruke forskjellige kilder som grunnlag for skrivning» og «velge ulike digitale ressurser og andre hjelpemiddel, og bruke dem på en selvstendig måte ...». Sensor skal både vurdere måten kjeldene er brukte på, og om kjeldene er oppgitte etterretteleg i eleven sitt eksamenssvar.

Kjeldetilvisingane i førebuingmaterialet viser korleis eleven kan oppgi kjelder, enten det gjeld tekstkjelder eller biletekjelder. Dersom oppgåveinstruksjonen ber om det, må eleven oppgi kjelda i førebuingmaterialet. Eksamenssvar som i sin heilskap viser seg å vere kopi av tidlegare publisert materiell, vil bli vurdert til lågaste karakter.

4. Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Til eksamen er heile læreplanen for faget aktuell. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast følgjande:

Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ein kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller oppgåve¹. Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere den kompetansen eleven viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag².

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen.

¹ St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*

² Forskrift til opplæringsloven §§ 3-3 og 4-3

Sensor skal vurdere samla kompetanse slik han kjem fram i eksamenssvaret, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18. Eksamenssvaret blir vurdert av to eksterne sensorar. Dersom desse to er ueinige, avgjer ein oppmann karakteren, jf. §§ 3-28 og 4-21 i forskrift til opplæringslova.

4.1 Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven/deltakaren har fråmifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikn på måloppnåing i eksamensrettleiinga beskriv kompetanse i eksamenssvaret på tre nivå. Beskrivingane skal bidra til ei felles forståing av krava til vurdering og til ei rettferdig vurdering.

4.2 Fagspesifikke underpunkt om vurdering i engelsk

Vurdering av kompetanse

For å få vist fram kompetansen sin er det viktig at eleven svarer på både del 1 og del 2, og på alle delar av oppgåvene. Det er eit overordna krav til eksamenssvaret at tekstane er svar på dei oppgåvene som er gitte. Eit relevant svar på oppgåva er eit svar på alle delane av det oppgåva ber om. Dersom eleven berre har svart på delar av oppgåveinstruksjonane, må sensor vurdere den kompetansen som er vist i det som er levert. Dersom ingen delar av eksamenssvaret er svar på oppgåvene som er gitte, skal eksamenssvaret ha lågaste karakter.

Til eksamen blir eleven beden om å skrive to **korte** tekstar, oppgåve 1a og 1b, og ein lengre tekst, der dei vel mellom oppgåvene 2a–c. Kvar oppgåve prøver ulike kompetansemål i læreplanen. Sensor skal ikkje vekte oppgåvesvara, men vurdere kompetansen slik han kjem fram i eksamenssvaret, jf. forskrift til opplæringslova § 3-25 og § 4-18.

- I. Sensor bør først lese gjennom heile eksamenssvaret for å skape seg eit førsteintrykk av den heilskaplege kompetansen i eksamenssvaret.
- II. Deretter vurderer sensor kvar del av eksamenssvaret med tanke på innhald, struktur og språk.
- III. Til slutt set sensor ein karakter som uttrykkjer den samla kompetansen som er vist i eksamenssvaret.

Oppgaveformuleringane til eksamen inneheld krav om kva teksten skal innehalde. Elevane kan tolke oppgaveformuleringar på utradisjonelle og uventa måtar, og sensor må vere open for kreative og uventa løysingar. Sensor skal ha ei positiv vurderarhaldning og sjå etter kva for kompetanse eksamenssvaret viser. Sensor skal vurdere kva eleven har fått til, ikkje leite etter kva eleven ikkje kan.

I eit godt svar kommuniserer tekstane/oppgåvesvara. Det vil seie at tekstane er tilpassa kommunikasjonssituasjonen dei skal fungere i, og har eit relevant innhald, klar struktur og eit funksjonelt språk.

Det vil alltid vere diskusjon om kva som er eit funksjonelt språk i engelsk. Språket er i endring og har mange variantar. Sensor må vurdere i kva grad språket er med på å formidle innhaldet, få fram budskapet, eller om språket kjem i vegen for det eleven ønskjer å uttrykkje.

TIPS

Utdanningsdirektoratet har publisert materiell til bruk i førebuing til eksamen og som grunnlag for diskusjonar om vurdering av eksamenssvar:

- [Eksamensoppgåver frå dei tre siste åra](#) Skolane har fått tilsendt passord.
- [Vurderte eksamenssvar](#) med grunngiving for karakter frå 2018
- [Eksamensrapporten](#) om eksamensoppgåvene og sensuren frå 2018

4.3 Førehandssensur 2019

Hensikta med førehandssensur er å sikre ein rettferdig sensur. Førehandssensuren blir utført av erfarne sensorar frå heile landet. Dersom det viser seg at enkelte oppgåver blir oppfatta som vanskelege å vurdere, eller at det dukkar opp andre uføresette moment, vil førehandssensuren informere om dette.

Førehandssensuren blir gjennomført 28. og 29. mai, og dersom det er kommentarar frå førehandssensuren, blir desse publiserte 29. mai kl. 15.00 på nettsidene til Utdanningsdirektoratet, og seinast morgonen etter i PGSD. Føringane i førehandssensuren kan gi opplysningar om vurdering av konkrete oppgåver og er retningsgivande for sensuren.

5. Kjenneteikn på måloppnåing

Kjenneteikn på måloppnåing kan utformast som ein meir utfyllande beskriving eller samlast i ei kortfatta matrise. Vurderingsmatrisa har beskrivingar av kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen i engelsk etter 10. trinn.

Innhaldet i matrisa er basert på fagkompetanse slik denne er uttrykt i læreplanen i engelsk. Vurderingsmatrisa er delt inn i tre vurderingsområde, som på ulike måtar fangar opp kvalitetar ved teksten. Vurderingsområda har ikkje vasstette skott mellom seg, men snarare flytande

overgangar. Beskrivingane skal bidra til ei rettferdig vurdering og ei felles forståing av krava til eit eksamenssvar.

Matrisa er basert på forventa kompetanse etter 10. trinn. Ho har ikkje beskrivingar av kompetanse for kvar enkelt oppgåve eller kvart enkelt oppgåvesvar, men beskriv *samla kompetanse* i tre nivå: «låg» (2), «nokså god» (3) til «god» (4) og «mykje god» (5) til «særs god» (6). Karakteren 1 er lågare enn det som er beskrive i matrisa.

Karakteren 1 – ein – er ikkje beskriven i matrisa. Karakteren 1 skal brukast i tilfelle der oppgåvesvaret som heilskap viser svært låg kompetanse i faget. Eksamenssvar på dette nivået er oftast svært korte og heng ikkje eller i liten grad saman med oppgåveinstruksjonane. Dei viser ofte at eleven manglar språk for å svare på oppgåvene. Eksamenssvar som i sin heilskap viser seg å vere kopi av tidlegare publisert materiell, vil bli vurderte til karakter 1.

Ei matrise kan aldri vere uttømmmande, og ikkje alle element innanfor kvart av vurderingsområda er like relevante for alle typar tekstar. Sensor må bruke profesjonelt skjønn, læreplanen og rettleiingsmaterialet som grunngevingar i vurderinga av vist kompetanse i kvart enkelt eksamenssvar.

Vurderingsskjema

Vurderingsskjemaet på side 10 er til bruk for sensor i vurderingsarbeidet. Skjemaet er publisert som ei Word-fil på den same nettadressen som [Eksamensrettleinga](#) – slik at sensorar som ønskjer det, kan bruke skjemaet digitalt. Sensor må ta notat for kvart elevsvar for å kunne grunngi eiga vurdering overfor medsensor når dei møtest til fellessensur.

Kjenneteikn på måloppnåing for ENG0012 ved sentralt gitt eksamen 2019

		Karakteren 2 Eksamenssvaret	Karakteren 3 og 4 Eksamenssvaret	Karakteren 5 og 6 Eksamenssvaret
Første-inntrykk		- kommuniserer til ein viss grad ut frå oppgåvene som er gitte	- kommuniserer stort sett ut frå oppgåvene som er gitte	- kommuniserer heilskapleg ut frå oppgåvene som er gitte
Hovudområde i læreplanen for engelsk: Språklæring, Skriftleg kommunikasjon, Kultur, samfunn og litteratur	Innhald	- samsvarer til ein viss grad med krava i oppgåva - gir att kunnskap (dersom oppgåva ber om det) - gir enkelte eksempel	- samsvarer stort sett med krava i oppgåva - bruker kunnskap (dersom oppgåva ber om det) - beskriv og gir eksempel	- samsvarer heilskapleg med krava i oppgåva - bruker kunnskap på ein sjølvstendig måte (dersom oppgåva ber om det) - drøftar og gir relevante eksempel
	Struktur	- har ein viss struktur og samanheng - er til ein viss grad tilpassa formål og digitale formkrav ut frå oppgåvebestillinga - har enkel tekstbinding på setnings- og/eller tekstnivå	- har struktur og samanheng - er stort sett tilpassa formål og digitale formkrav ut frå oppgåvebestillinga - har tekstbinding som stort sett framhevar innhald på setnings- og tekstnivå	- har gjennomført struktur og samanheng - er tilpassa formål og digitale formkrav ut frå oppgåvebestillinga - har variert tekstbinding som framhevar innhald på setnings- og tekstnivå
	Språk	- har enkelt ordforråd - har enkelte faglege omgrep (dersom oppgåva ber om det) - språket er til ein viss grad tilpassa formålet med oppgåva - har enkel setningsbygning	- har eit ordforråd som dekkjer enkelte emne - har faglege omgrep (dersom oppgåva ber om det) - språket er stort sett tilpassa formålet med oppgåva - har noko variasjon i setningsbygning	- har eit ordforråd som dekkjer forskjellige emne - bruker faglege omgrep på ein relevant måte (dersom oppgåva ber om det) - språket er tilpassa formålet med oppgåva - har variasjon i setningsbygning
	Formelle ferdigheiter	- har rettskriving og ordbøying som gjer teksten forståeleg - har til ein viss grad engelsk setningsstruktur	- har rettskriving og ordbøying som trass i feil ikkje hindrar kommunikasjonen - har stort sett engelsk setningsstruktur	- har sentrale mønster for rettskriving og ordbøying som trass i enkelte feil gir god flyt i kommunikasjonen - har gjennomført engelsk setningsstruktur
	Kjeldebruk	- bruker enkelte kjelder som grunnlag for skriving (dersom oppgåva ber om det) - oppgir enkelte kjelder	- bruker kjelder som grunnlag for skriving (dersom oppgåva ber om det) - oppgir nytta kjelder på ein måte som stort sett kan etterprøvast	- bruker relevante kjelder som grunnlag for skriving på ein sjølvstendig måte (dersom oppgåva ber om det) - refererer til nytta kjelder på ein måte som kan etterprøvast
Samla vurdering		Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.	Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget. Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.	Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget. Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har særs god kompetanse i faget.
Karakteren 1 uttrykkjer at eksamenssvaret har svært låg kompetanse i faget, lågare enn det som er beskrive ovanfor.				

Vurderingskjema for ENG0012 ved sentralt gitt eksamen 2019

Kandidatnummer	Oppgåvenummer og overskrifter, task 1 a, 1b og 2			
Vurderingsområde	Beskrivingar av kompetanse vist i eksamenssvaret (sjå matrisa)			
Førsteintrykk Kommuniserer ut frå oppgåvene				
Innhald - svarer på oppgåva - eventuelt krav om kunnskap - gir eksempel				
Struktur - struktur og samanheng - tilpassa oppgåvebestillinga - tilpassa digitale formkrav - tekstbinding på setnings- og tekstnivå				
Språk - ordforråd - eventuelt krav om faglege omgrep - språkføring tilpassa formålet med oppgåva - setningsbygning - setningsstruktur				
Formelle ferdigheiter - rettskriving - ordbøying - setningsstruktur				
Kjeldebruk - eventuelt krav om bruk av kjelder - kjeldetilvising				
Vurdering av samla kompetanse til eksamen og forslag til karakter	«Svært låg» (1) kompetanse	«Låg» (2) kompetanse	«Nokså god» (3) – «god» (4) kompetanse	«Mykje god» (5) – «framifrå» (6) kompetanse

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no

